

BRUSSELFRAÅSEGNA

OM INTERNASJONALT TERMINOLOGISAMARBEID

Representantar for nasjonale og internasjonale foreiningar, nettverk og dokumentasjons-senter på terminologiområdet,

som ser det slik at terminologi er ein del av all menneskeleg verksemd,

som er merksame på at terminologi er eit vesentleg verkemiddel ved formidling av informasjon i fagkommunikasjon, men at terminologi er viktig òg for å styrkje og fremje kulturelt og språkleg mangfald,

som sannkjenner at det er naudsynt å gjere fagfolk og avgjerdstakarar merksame på at terminologi er ein sær verdifull reiskap for kommunikasjon og kunnskapsoverføring,

som strekar under at fagfolk på terminologiområdet må ha arbeidsmetodar som tek omsyn til interessene, krava og forventingane til brukarane,

som innser at alle aktørar og interessentar må samarbeide på globalt plan og ikkje minst dele terminologiressursar med kvarandre gjennom samordning,

som legg vinn på å styrkje infrastrukturane for utvikling og spreiding av terminologi,

oppmodar statar og regjeringar, mellomstatlege organ og internasjonale organisasjonar og dessutan institusjonar som arbeider med språkpolitikk, om å

- *gje si støtte til* at det blir skipa terminologiske infrastrukturar innanfor store økonomiske grupperingar som Europa og det framtidige FTTA¹, og støtte andre eksisterande terminologiske infrastrukturar,
- *oppmuntre til* at det blir innført terminologiske retningslinjer i program for opplæring, informasjon osb.,
- *arbeide for* at det blir innført arbeidsmetodar som tek omsyn til tidlegare røynsler og initiativ og prosjekt som er sette i gang,
- *fremje* tiltak som kan få næringsliv og offentlege styresmakter til å forstå betre kor viktig det er å delta i terminologiarbeid,
- *arbeide for* at det blir skipa særskilde finansieringsprogram for terminologiarbeid, særleg utvikling og oppdatering av terminologi,
- *oppmuntre* nasjonale standardiseringsorganisasjonar til å delta aktivt i organ som på internasjonalt plan utarbeider regelverk for (t.d. ISO/TC 37 "Terminologi og andre språkressursar") og harmoniserer terminologi, og i organ som fastset reglar for Internett for å sikre alle kulturelle og språklege særpreg ein plass der,
- *fremje* tiltak for føremålstenleg bruk av terminologi, særleg på alle nivå i utdanning og spesialisering, både på universitet og utanfor,

¹ Det amerikanske frihandelsområdet (Free Trade Area of the Americas)

- *gjere* vitskapsgreina terminologi og fagspråk til obligatorisk emne i alle pensum for omsetjingsutdanning og arbeide for at vitskapsgreina blir innlemma i alle fag, særleg vitskaplege og tekniske,
- *oppmuntre til* dialog mellom land som har same språk, men ulike språknormer, slik at dei kan harmonisere nyordsdanninga og terminologistandardiseringa, samstundes som dei tek omsyn til ulike variantar av språket og nyttar prinsippa for lokalisering utan å gløyme at innbyrdes forståing er naudsynleg,
- *fremje* fleirspråksbruk i både utdanning, offentleg forvalting og samfunnet elles,
- *arbeide for* at terminologi blir spreidd og gjord gratis tilgjengeleg, særleg terminologi i offentlege dokument frå styresmakter og internasjonale institusjonar,
- *studere* den faktiske bruken av og rolla til terminologi i ulike slags strategiske og politiske tiltak som styresmakter og institusjonar set i verk,
- *sikre* at ekspertar i det aukande talet på framveksande nasjonar som er i gang med å utvikle ein språkpolitikk, får opplæring i terminologiske prinsipp og metodar innanfor ramma av berekraftig utvikling, og at ekspertar i desse landa om mogleg får hjelp til å delta aktivt i internasjonale terminologiaktivitetar.

Utferda i Brussel 15. juni 2002